



20 bøsseberarar i Uskedalen klare til innsats for eit godt føremål måndag ettermiddag. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Demensaksjonen 2009 ga eit godt resultat i Uskedalen sjølv om det ikkje vart rekord. Rundt rekna 20 flinke innsamlarar fekk måndag ettermiddag vel 18.000 kroner i bøsse sine på to timar og det er helseagseleiar Selma Eik svært godt nøgd med. Med andre ord vart resultatet omtrent som i fjor, då det kom inn 18622 kroner. Rekorden under denne innsamlinga her i bygda er 20.272 kroner.**

- Eg rettar ein varm takk både til dyktige og iherdige bøsseberarar og glade gjevarar, seier Selma til uskedalen.no etter opteljinga.

Hvis du ikkje var heime under innsamlinga, kan du nytte konto 1644.08.46673 eller internett.

Dette er tiande gongen Nasjonalforeningen har denne bøsseaksjonen, som i Uskedalen vart avvikla same dagen som den internasjonale Alzheimerdagen.

Med bidraget har du støtta både dei som har demens og deira pårørande.

Midlane går til forskning, informasjon og mange lokale tiltak. Demens kan ikkje helbredast og gjer mange heilt pleietrengjande.

Mange mistar fotfestet når demens rammar og livet kan bli prega av angst, usikkerheit og bekymring. Men tilpassa aktivitetar kan gjera livet betre og kvardagen tryggare.

Av Ola Matti Mathisen